

## **Referat fra møte i SU 26.01.17**

Til stades:

Representant foreldrerådet 1, leiar FAU	Bjørn Ståle Røttedal
Representant foreldrerådet 2, nestleiar FAU	Caroline Hjemdal
Representant elevrådet 1, leiar	June Espedal Røttedal
Representant elevrådet 2, nestleiar	Martin Fossan
Representant undervisningspersonale 1	Trine Solmunde
Representant undervisningspersonale 2	Ulrike S Løland
Representant andre tilsette	Linda Mansåker Hatleskog
Representant kommunen 1	Gunleif Haukelid
Representant kommunen 2	Ingunn Varhaug

### **1. Godkjenning av møteinnkalling**

Godkjent.

### **2. Val av leiar, nestleiar og sekretær for inneverande skuleår**

Leiar: Bjørn Ståle

Nestleiar: Gunleif

Sekretær: Ingunn

### **3. Godkjenning av skulerute**

Det låg føre to forslag: Eitt frå skuleleiinga og eitt frå Utdanningsforbundet.

Utdanningsforbundet sitt forslag fekk alle sine stemmar og blei godkjent.

Planleggingsdagane skal ikkje lenger stå på skuleruta sidan ho er ei forskrift. Det er ønske om at skulen og barnehagen sjekkar planleggingsdagar og samkjører seg.

### **4. Den gode skulen i Forsand – kor er me nå?**

- Prosjektgruppe skal laga plan for skule-heim-samarbeid. FAU er invitert til å delta. Planen skal sei noko om på kva nivå det skal samarbeidast, og korleis samarbeidet skal skje
- Vurdering For Læring (VFL): Skulen har søkt om å få delta i VFL i regi av Udir/Høgskolen i Lillehammer. Det kan sjå ut til at me kjem med
- Stort tverrfagleg arrangement på ettermiddagstid den 21.02. - Skulefest. Foreldre og søsknen blir invitert. FAU er også invitert til å delta. Ordføraren held appell. Elevrådsleiar og –nestleiar har sagt ja til å leia arrangementet.
- Ope foreldremøte – alle foreldre blir invitert til å koma på skulen og sei sitt om korleis skulen bør vera. Ragnvald har regien
- Foreldreundersøkinga – låg deltakingsprosent. Folk har hatt sjanse til å sei si mening. FAU, skulefagleg ansvarleg og rektor er samde i at resultatet har avgrensa verdi pga låg deltaking. Må saman sjå på korleis deltakinga kan bli større
- Tilstandsrapporten: Skal opp i kommunestyret snart

- Info om Skulebidragsrapport: Faglege resultat sett i samanheng med andre parameter. Forsand ligg på nivå med nabokommunane. Det er ønskeleg at Ragnvald informerer foreldra om denne rapporten

## 5. Foreldreundersøkinga

Svarprosenten var berre 24. Den låge svarprosenten bør takast opp på storforeldremøtet. Resultatet kan ikkje brukast. Stor takk til dei foreldra som faktisk har svart.

Denne undersøkinga bør takast også neste år. Då kan pc og passord vera klar til foreldre rett etter foreldresamtalane på skulen. Det bør også stå på innkallinga. Foreldrekontaktane bør oppmodast til å minna foreldra på å delta i undersøkinga, gjerne via gruppe på Facebook. Også FAU kan hjelpa til å mobilisera.

## 6. Ymse

- Gunleif spør korleis stoda er i klassane. Trine svarer at 7. klasse førebur seg til skulefesten den 21.2. Dei har nå hatt to veldig gode veker med flaskeinnsamling. Klassen jubla for turnbingen som kommunestyret har sett av midlar til. Gunleif fortel at turnbinge blir sak for ungdomsrådet, og deretter elevrådet.
- Linda fortel at ordninga med trivselsleiarar har tilført mykje positivt. Det har betydd mykje. Trivselsleiarane er flinke til å få elevar med på aktivitetar.
- Ingunn fortel at det varierer litt frå klasse til klasse korleis stoda er. Det er mykje bra, men også ein heil del elevar som strevar med elevrolla. Det er travelt for personalet.
- Trine seier at mindre pengar til skulen er noko som dei tilsette merker godt. F eks kutt i talet på kontaktlærarar har medført mykje meir arbeid, men det har gått bra. Overgang frå to-lærarsystemet til kurslærarar har medført at det er vanskelegare å få gitt tilpassa opplæring til alle.
- Caroline meiner at det er lurt å kunna dela klassar viss det viser seg nødvendig og lurer på om skulen har tenkt å få eit ekstra klasserom. Svaret er ja, og at kommunen jobbar med ei løysing for skulen og kulturskulen og framtidig rombehov.
- 5-dagars skuleveke: Blir sak i kommunestyret i februar eller mars. Ei eventuell endring i skuledagar for småskulen kan gjerast frå skuleåret 2018-2019. Folk må ha tid til å områ seg.

For rådmannen

Ingunn Varhaug

Leiar Seksjon skule

## **Referat fra møte i SMU 26.01.17**

Til stades:

Representant foreldrerådet 1, leiar FAU  
Representant foreldrerådet 2, nestleiar FAU  
Representant elevrådet 1, leiar  
Representant elevrådet 2, nestleiar  
Representant undervisningspersonale 1  
Representant kommunen 1  
Representant kommunen 2

Bjørn Ståle Rettedal  
Caroline Hjemdal  
June Espedal Rettedal  
Martin Fossan  
Trine Solmunde  
Gunleif Haukelid  
Ingunn Varhaug

### **1. Godkjenning av møteinkalling**

Godkjent.

### **2. Val av leiar, nestleiar og sekretær**

Leiar: Bjørn Ståle  
Nestleiar: Gunleif  
Sekretær: Ingunn

### **3. Elevundersøkinga**

Elevundersøkinga er obligatorisk om hausten for 7. og 10. klasse. Rektor gjekk gjennom resultata. Det er lågare snitt for dei to klassane samla enn for 7. klasse i fjor. Undersøkinga skal sjåast på i 7. og 10. klasse og takast opp igjen i SMU-møte den 16.02.

Trine fortel at det har vore stor slitasje på lærarane det siste kalenderåret pga det store arbeidet med lokale læreplaner. Det har tatt tilnærma all fellestid. Nå når avdelingstida er tilbake er det mykje betre. Nå har dei igjen tid til å drøfta elevar og faglege fellesopplegg mm.

Elevundersøkinga bør takast på ny for 7. klasse til våren.

Neste møte i SMU blir 16.02.17 kl 19 på naturfagrommet.

### **4. Ymse**

Referat frå førre møte er ikkje sendt ut. Blir sendt ut snarleg.

For rådmannen  
Ingunn Varhaug  
Rektor/Leiar Seksjon skule